



Styre: Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
Styresak: 32/23
Møtedato: 21.03.2023
Journalnummer: 2023/1803

OPPRETTING AV NORSK VALGEMNE PÅ TREDJE STUDIEÅR: JUS2398 MILJØRETT

Bakgrunn

Fakultetsstyret har vedtatt ny studiemodell, som har blitt innført år for år siden høsten 2021. Tredje studieår starter på ny studiemodell fra H23, [fakultetsstyresak 91/19](#). [Fakultetsstyrets vedtak 30.04.19 om fagsammensetning 1. – 3- år](#) – sak 26/19. [Delinnstilling I: Læringsutbyttebeskrivelser](#). Avgitt 28. mai 2019. [Fakultetsstyresak 46/19](#). [Delinnstilling II: Lærings- og prøvingsformer](#). Avgitt 17. januar 2020. [Fakultetsstyresak 30/20](#).

De emneansvarlige Ingunn Elise Myklebust, Sigrid Eskeland Schütz har, med støtte fra studiedekanen, utarbeidet emnebeskrivelsen for det nye valgemnet JUS2398 Miljørett, med de målsetningene som kommer til uttrykk i overordnet regulering og policy som grunnlag.

Som vedlegg følger saken slik den ble presentert for studieutvalget, inkludert emnebeskrivelsen og de emneansvarliges forklaring av undervisningsopplegget.

Behandling i studieutvalget

Studieutvalget behandlet saken i sitt møte den 08.03.2023, og oversender saken til fakultetsstyret med følgende uttalelse:

«Studieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å opprette emnet JUS2398 Miljørett som beskrevet i vedlagte emnemaal.»

Merknader fra dekan og fakultetsdirektør

Dekan og fakultetsdirektør slutter seg forslaget fra Studieutvalget.

På denne bakgrunn framsettes følgende

forslag til vedtak:

JUS2398 Miljørett blir opprettet og skal undervises første gang vårsemesteret 2024.

Karl Harald Søvig
dekan

Øystein L. Iversen
fakultetsdirektør

10.03.2023
INGVSTR

Vedlegg:

1. Sak 11/23-7 til Studieutvalet
2. Emnebeskrivelse JUS2398 Miljørett

Oppretting av nytt emne på tredje studieår: JUS2398 Miljørett

Fakultetsstyret har vedtatt ny studiemodell, som har blitt innført år for år siden høsten 2021. Tredje studieår starter på ny studiemodell fra H23, [fakultetsstyresak 91/19](#). [Fakultetsstyrets vedtak 30.04.19 om fagsammensetning 1. – 3- år](#) – sak 26/19. [Delinnstilling I: Læringsutbyttebeskrivelser](#). Avgitt 28. mai 2019. [Fakultetsstyresak 46/19](#). [Delinnstilling II: Lærings- og prøvingsformer](#). Avgitt 17. januar 2020. [Fakultetsstyresak 30/20](#).

Fakultetsstyret oppretter og nedlegger emner, jf. [Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen](#) § 3.2 nr. 1 bokstav d). Når emnet er opprettet, har SU kompetanse til å foreta endringer som ikke er prinsipielle, jf. Reglement for Det juridiske fakultet § 9 pkt. 2 bokstav d).

Øvrige rammebetingelser:

[Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk](#).

[Studietilsynsforskriften](#)

[Studiekvalitetsforskriften](#).

[UiBs kvalitets håndbok](#).

De emneansvarlige Ingunn Elise Myklebust, Sigrid Eskeland Schütz har, med støtte fra Studiedekanen, utarbeidet emnebeskrivelsen for det nye valgemnet, med de målsetningene som kommer til uttrykk i overordnet regulering og policy som grunnlag. Emnene skal oppfylle kvalitetskrav hver for seg, i tillegg til å bidra til samlet å oppfylle læringsmål og kvalitetskrav til studieprogrammet de bidrar inn i.

De emneansvarlige forklarer nærmere om undervisningsopplegget i et eget vedlegg til saken (vedlegg 1).

Studieutvalget uttaler:

Studieutvalget oppfordrer fakultetsstyret til å opprette emnet JUS2398 Miljørett som beskrevet i vedlagte emnemal.

Vedlegg 1: Informasjon fra de emneansvarlige om undervisningsopplegget

Vedlegg 2: Emnebeskrivelsen

Informasjon fra de emneansvarlige

Miljørett skal vere eit kurs på tredje studieår, (første gong) 2024. Kurset skal ha 10 studiepoeng, og gå parallelt med engelskspråkleg valemne. Vi legg opp til ca. to til tre undervisningsdagar pr. veke. Opplegget vi skisserer føreset at det melder seg på ca. 40 studentar på kurset. Utrekninga av obligatoriske element

Kurset er delt inn i fire undervisningselement (A, B,C og D).

- A. Vi startar med 4 førelesingar (dobbeltimar), som er retta mot heile gruppa. **(40 timar)**. Desse er ikkje obligatoriske. 1) Innføring, 2) Internasjonale perspektiv, 3) Nasjonalt rammeverk (Grunnlov/forvaltningslov/naturmangfaldlov), 4) Introduksjon til arbeid i storgruppene og felles om metode.
- B. Vi delar gruppa inn i 3 storgrupper som skal ha 3 samlingar. **(90 timar)**. Dette er obligatoriske element. Det blir laga små oppgåver til samlingane som att speglar tema på førelesingane, men ein time kvar samling skal nyttast til å diskutere studentane sine eigne sjølvvalte, tema, diskutere utveljing av relevant litteratur for temaet, problemstillingar som kan diskutast under sjølvvalt tema, m.v.. Alle studentane får tildelt tid på storgruppene til å ta opp spørsmål dei lurar på om sjølvvalt tema, og rettleiing til utforming av presentasjon av temaet i plenumsførelesing.
- C. Vi legg opp til 2 ekskursjonar, som er retta mot heile gruppa. Dette er obligatoriske element. Under ekskursjonane blir det helde førelesingar på staden, tilsvarande ein dobbelttime pr. ekskursjon. (20 timar). **(20 timar førelesingstid) I tillegg kjem tid til sjølve ekskursjonen. Dette er ikkje timesett.**
- D. Vi avsluttar kurset med Oppsummering; 1 førelesing (dobbeltime, 10 timar). Deretter 3 førelesingar med studentaktivitet i form av presentasjonar av sjølvvalde tema, med kommentarar og refleksjonar frå førelesarane i dialog med salen (dobbeltimar) **(40 timar eller meir, viss dobbel lærarressurs er mogleg)**. Her ønskjer vi om mogleg å nytte begge kursansvarlege Schütz og Myklebust, i førelesingane. Fellesførelesingane med gjennomgang av sjølvvalde tema skal leie til vurdering; stått/ikkje stått). Desse fellessamlingane er obligatoriske for alle. Kvar gruppe får 15 minutt til å presentere hovudfunna frå sitt arbeid, men med noko mindre tid for studentar som arbeider åleine . (8 studentar pr. dobbelttime, men nokre vil truleg arbeide saman). Dersom det blir veldig mange studentar, delar vi gruppa ved gjennomgang av oppgåver i to.

JUS2398 Miljørett

Emnenavn (bokmål)	Miljørett
Emnenavn (nynorsk)	Miljørett
Emnenavn (kortversjon)	Miljørett
Emnenavn (engelsk)	Environmental Law
Antall studiepoeng	10
Om studienivå, læringsmål og utbyttebeskrivelser	
Nivået gjenfinnes i emnets læringsmål, og må henge sammen med forkunnskapskravene. Et emne på masternivå kan inngå i en bachelorgrad, men ikke omvendt – emner på masternivå stiller store krav til fordypning.	
Studienivå	- BA (bachelornivå)
Type emne	- Valgemne 3. studieår
Studierett	MAJUR
Forkunnskapskrav	
Det kreves at alle emnene i tidligere studieår er bestått, se «Rekkefølge for emne i studiet» i Studieplan for integrert masterprogram i rettsvitenskap ved Det juridiske fakultet i Bergen. Se likevel § 2-5 i Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen.	
Emneansvarlig(e)	Ingunn Elise Myklebust, Sigrid Eskeland Schütz
Undervisere	Emneansvarlege m. fl.

Kommentarer/utdyping

Emneansvarlege, andre fast tilsette, postdoktorar og stipendiatar som arbeider med ressursforvaltning og miljørett. Innhaldet i tema for fordjuping (sjå nedanfor) i kurset vil kunne variere frå år til år, ut frå kva undervisningsressursar som til ei kvar tid er tilgjengeleg.

Emnets mål og innhold

Klima-, natur- og forureiningskrisa er bakgrunn for mange av dei problemstillingane som vert drøfta i faget miljørett. Korleis vi som samfunn påverkar og vert påverka av miljøet og korleis rettsreglar verkar inn i dette samspelet, er tema for miljøretten. Rettsreglar om organisering, styring og løysing av miljøspørsmål kan skrive seg frå ei rad ulike rettsdisiplinar, som internasjonal rett, EMK, EU/EØS, statsrett og forvaltningsrett, og kan gjelde uavhengig av skiljet mellom privatrett og offentleg rett. Drøftingar av miljørettslege spørsmål skjer i lys av stadige endringar i kunnskap om årsakssamanhengar mellom natur- og menneskeskapte påverknader på økosystem, teknologiutvikling, og stadige endringar i politikk, regulering og tolking av retten. Målet med faget miljørett er å kunne identifisere miljøproblem og drøfte løysinga av slike problem ut frå ulike rettslege

tilnærmingar. Faget byggjer på fagleg og metodisk innsikt frå ei rad tidlegare emner i studiet, som tingsrett, forvaltningsrett og internasjonal, regional (EU/EØS-)rett og grunnlovsvern.

Undervisninga er fellesførelesningar, storgrupper og ekskursjonar, med supplerande video- og anna undervisningsmateriale på Mitt UIB. Førelesingane vert halde av emneansvarlege og andre med inngåande kompetanse i miljørett. Storgruppene vert leia av tilsette med særleg kompetanse på eit eller fleire miljørettslege emne.

Studentane vel sjølv eit miljøtema for fordjuping, og ekskursjonane vert søkt lagt til stader og verksemder med relevans for desse.

Emneansvarlege skal for kvart kurs, etter ei samla vurdering av kva som eignar seg for storgrupper og tilgjengelege lærarressursar, gi råd om temaval, men også godkjenne temaval og litteratur. Stundetane kan også gå saman med ein eller fleire ved val av tema og litteratur. Ved val av tema skal studenten anten sette fokus på/forfølge eit styringssystem, eller ei særleg miljøutfordring på tvers av styringssystem. Som døme på det første kan vere planlegging og arealbruk, forbod mot ureining eller system for tildeling av konsesjon (som karbonlagring, mineralutvinning, aktivitet knytt til havvind, akvakultur, hydrogen, jordbruk eller byutvikling), og som døme på miljøutfordring kan vere skade på naturmangfald, klima, eller t.d. plast i havet.. Det sjølvvalte temaet skal studerast ved hjelp av felleslitteraturen i emnet og litteratur for fordjupning, og studentane skal kunne reflektere over eigne val av litteratur.

Eit obligatorisk krav i kurset er at studentane skal lage ein presentasjon av det sjølvvalde temaet for fordjuping, og halde denne i førelesingane i andre halvdel av kurset. Eit krav til presentasjonen er at dei rettslege problemstillingane som drøftast relaterer seg både til kurset sin allmenne del (tema for førelesingar) og kurset sin spesielle del (arbeidet på storgruppene). Målet er læring i djupne og breidde for den/dei ein skilde studentane, men også at alle studentane i gruppa skal få større innsikt i korleis allmenne problem spelar seg ut innanfor ulike tema, og lære av kvarandre.

Læringsutbytte

Dette er det viktigste punktet, da det er bestemmende for alle andre egenskaper ved emnet. Tenk nøye gjennom hvilke egenskaper studentene utvikler i emnet, utover «bare» kunnskaper. Beskriv det som kan sertifiseres, enten ved eksamen eller ved obligatoriske arbeidskrav.

Kunnskaper

Studenten kan forklare den historiske framveksten av miljøretten i rettsstaten, og samspelet mellom internasjonale, nasjonale, regionale og lokale normer (fleirnivåstyring), og korleis verdiar og normer på ulike nivå og sektorar blir gjennomført gjennom planar, einskildvedtak og konsesjonsordningar. Studentane kan gjere greie for Grunnlova §§ 112 og 105, sentrale miljørettslege prinsipp og korleis eigeomsretten, posisjonar og elles frie handlingar, må avgrensast av omsyn til klima, natur eller andre miljømål. Verkemiddelbruken kan vere samansett og variere frå ulike typar areal og ressursar og frå land og kystsoner til ope hav. Ofte er det trong for både eigeomsrett og konsesjon for å få tilgang til ein ressurs, og ulike system for medverknad, avgjerdslekompetanse, tilsyn, kontroll eller høve til rettsleg overprøving. Rettsreglar som har mål om vern av areal- eller ressursar kan også vere samansette. Studentane skal forstå korleis verkemiddel einskildvis og saman er viktige for å nå fastsette berekraftsmål, og korleis rettsreglar set rammer for, men også initiativ til, ny aktivitet og næringar einskildvis og samla, slik at desse måla kan nåast.

Studenten kan identifisere miljøspørsmål med tilhøyrane offentlegrettslege og privatrettslege reglar, og særleg kunne analysere:

1) Prosessuelle kompetansesørsmål, om korleis sakshandsaming fram mot styringavgjerder skjer, som krav

til kunnskapsbaserte forvaltningsprosessar, økosystembasert forvaltning, samordning og planlegging gjennom fleire nivå. Dei overordna prinsippa for forvaltningsprosessar skal kunne skildrast, og ein kan tolke og analysere allmenne prosesskrav nytta på konkrete sektorar, og tolke særlege prosesskrav etter sektorlover. Ein skal kunne gjere greie for samspelet mellom overordna planlegging og detaljplanlegging og med det også kunnskapsinnhenting på ulike nivå.

2) Materielle kompetansespørsmål, legalitetsprinsippet på miljøretten sitt område, om kva innhaldet i styringa kan gå ut på, som operasjonalisering av berekraftsmål gjennom grunnlovsværn og miljørettslege prinsipp, og styring gjennom forvaltningsrettslege og privatrettslege kompetansereglar. Dei overordna berekraftsmåla skal kunne beskrivast, og ein kan tolke mål innanfor ulike sektorlover og forskrifter, også i lys av berekraftsmåla. Ein skal kunne identifisere kva for vedtak som har ei politisk forankring og kva for vedtak som er basert på faglege avvegingar, eller meir standardiserte tilnærmingar.

3) Personelle kompetansespørsmål og samordning på tvers av forvaltningsnivå, sektorar og forvaltingsorgan. Det gjeld kven som bestemmer kva, og kva som er styrande for dei vala som lovgivar har gjort ved tildeling av kompetanse, og system for samordning på tvers av sektorar og forvaltingsorgan for å sikre heilskapleg tilnærming. Ein skal kunne forklare betydninga av personelle kompetansespørsmål for både innhaldet i den materielle kompetanse, men også prosess. Kva organ som i praksis har det avgjerande ordet ved tildeling av forvaltningsvedtak skal kunne forklarast i lys av fleirnivåstyring og sektororganisering.

4) Klageordningar og domstolskontroll i miljøsaker, om kven som har rett til å klage og til å ta ut søksmål i saker som gjeld omsynet til miljøet, og på den andre sida særlege spørsmål som kan melde seg i høve til aktørar, som grunneigarar og næringsaktørar, som har t.d. av omsyn til miljømål har fått avslag på søknad om løyve, innskrenka rettar eller omgjerung av tidlegare etablerte posisjonar. Ein skal kunne gjere greie for forvaltninga og domstolen si rolle for å sikre balansen mellom omsynet til berekraftig utvikling og rettstryggleiken for borgarar og aktørar.

Ferdigheter

Studenten kan bruke juridisk metode og lovfeste og ulovfeste reglar i miljøretten for å lage sjølvstendige drøftingar knytt til almenne tema, og knytt til eit sjølvvalt tema for fordyping. Dette inneber:
å innhente og systematisere rettsleg relevant materiale, og på grunnlag av dette identifisere problemstillingar og samanhengar

å foreta ei sjølvstendig analyse av miljørettslege problemstillingar på grunnlag av eit samansett rettskjeldebilete

å resonnerer seg fram til eit fagleg forsvarleg standpunkt gjennom avklaringar av underliggende rettslege og samsfunnsmessige verdiar, og spenningar mellom ulike type gyldige argument

å kunne gå særleg i djubden på analysen og framstillinga innanfor eit sjølvvalt tema og sjølvvalt litteratur

Å kunne, på eigahand eller i samarbeid med andre, gå i djubden på eit miljøtema, utvikle problemstillingar og analyser av temaet i lys av allmenn miljørett og sjølvvalt litteratur om temaet, framføre muntlig eigne analyser til medstudentar.

Generell kompetanse

Gjennom emnet oppnår studenten generelt kompetanse til å:

tileigne seg ny kunnskap på fagfeltet og i tilgrensande fag

systematisere og vege argumentasjon, formidle juridiske analyser og konklusjon, gi råd og treffe val

identifisere og ta konsekvensar av etiske aspekt ved juridisk argumentasjon og standpunkt

presentere og argumentere for eigne vurderingar og konklusjonar for større og mindre grupper

arbeide sjølvstendig og i grupper

Kunne reflektere over tilgjengeleg litteratur og val av kjelder for analyse og framstilling av dette emnet.

Beskriv sammenhengen mellom læringsutbyttet, undervisningen og prøvingen.

Prøving skjer ved skuleeksamen. I eksamensoppgåva vil studentane få spørsmål om å analysere eit miljørettsleg spørsmål av allmenn karakter, men også eit spørsmål der studentane kan nytte kunnskap som dei har tileigna seg gjennom sjølvvalt tema for fordypning. Det er førebels uklart korleis vi sikrar anonymitet, og om det skal vere høve til å liste opp den sjølvvalte litteraturen ein har studert i faget i oppgåva, om det

skal etablerast ei felles liste før eksamen el.l, slik at sensor får innsyn i kva artikkel som er litteratur for fordjuping.

Litteratur

Hovedlitteratur for emnet er obligatorisk felt; de andre er valgfrie. Normen er 30 - 60 sider pr. studiepoeng.

SU uttalte i sak 3/16-2: «SU ber om at det vurderes å ta med i emnemalen et vilkår om at hovedlitteratur ikke kan vedtas før den foreligger tilgjengelig i salg eller på annen måte.»

Informasjon om Litteraturkiosken, kompendier m.m. finner du her:

<https://www.uib.no/student/91985/kompendiene-er-n%C3%A5-digitale>

Innføringslitteratur

Schütz, Sigrid Eskeland Schütz; artikkel in press om miljørettshistorie og rettslege styringsinstrument, herunder fleirnivåstyring. 12 sider.

Hovedlitteratur

Felleslitteratur:

-Hans Chr. Bugge, Lærebok i miljøforvaltningsrett, 6. utg. Heile boka, 364 sider.

-Ingunn Elise Myklebust, "Nødvendig" som vilkår for tyngande plikter ved areal- og ressursforvaltning, i Steinar Taubøll (red.), Vann , juss og samfunn, 2022, 40 sider.

Ingunn Elise Myklebust and Synne Sætre Mæhle, Rettar til fast eigedom og omsyn til miljø, Bergen 2023, 25 sider.

Fordjupningslitteratur: Sjølvvalt litteratur, mellom 50 til 100 sider, skal sendeast inn og godkjennast av faglærer.

Tilleggs litteratur

Inge Lorange Backer, Innføring i naturressurs og miljørett, 2012, 404 sider.

Undervisningssted

- UiB

Undervisningssemester

- Vår

Undervisningsspråk

Norsk

Undervisningsformer og -metoder

Felles førelesingar for kullet. Storgruppeundervisning. Ekskursjonar.

Emnet har obligatorisk oppgave

- Nei

Andre obligatoriske undervisningsaktiviteter

Storgrupper og ekskursjonar

Obligatorisk framføring, åleine eller i gruppe, av tema for fordjupning i plenumsførelesing.

Vurdering

Vurderingsformen(e) må henge sammen med undervisningen og det generelle læringsutbytet.

Vurderingssemester - Vår

Vurderingsform(er) - Skoleeksamen, 6 timer

Begrunnelse for vurderingsform

Seks timars skuleeksamen med tilgjengelege kjelder frå Lovdata vil gje høve til å drøfte i djubden under tidspress, noko som speglar ein praktisk arbeidssituasjon.

Språk eksamensoppgave Norsk

Språk eksamensbesvarelse Norsk

Karakterskala A-F

Hjelpemidler til eksamen

Standard hjelpemidler på eksamen er beskrevet i fakultetets utfyllende regler § 3-5 a. I dette emnet er det ingen ekstra hjelpemidler.

Programansvarlig Studieutvalget ved det juridiske fakultet.

Evaluering av emnet I henhold til retningslinjer for evaluering av emner ved Det juridiske fakultet.

Emnebeskrivelsen er utarbeidet av Ingunn Elise Myklebust Sigrid Eskeland Schütz

E-post Ingunn.Myklebust@uib.no

E-post Sigrid.Schytz@uib.no